

Staben bak Festidalen 2013 er godt i gong, og kan allereie avsløra to band som kjem til Uskedalen fyrste helga i august 2013. Dei kjem frå Tromsø og Bergen. Her kjem ein presentasjon frå pressesjef Hege Digranes:

Cazadores:

Tromsø-gjengen sin alternative rock med tydeleg inspirasjon frå band som The Strokes, The Arcade Fire, The Cure og The Killers vart i april lista på P3 Urørt med låta Islands, og då var det gjort. I 2012 spelte bandet på over 20 festivalar og det er nærmast utenkeleg om det framleis finns nokon som ikkje har høyrd ein Cazadores-låt på radio.

Bandet består av: Ariel Joshua (31) - gitar, Lasse Lauritz Pettersen (29) - gitar og vokal, Mats Devik (32) - vokal, Ottar Tøllefsen (26) - trommer og piano, og Aleksander Johannessen (27) på bass.

Det musikalske uttrykket kan best beskrivast som ein kombinasjon av atmosfæriske balladar, skarpe riff, glasklare popmelodiar og store deilige refreng. Låtane er varierte, mangfaldige og er prega av kompromisslaust attack, driv og musikalske brytningar.

Cazadores er eit solid og tight liveband som på kort tid har etablert seg som eit av dei mest spanande rockebanda i Noreg nett no.

Blood Command:

Blood Command er eit Bergensbasert band, som vart starta i 2008. Bandet består av Yngve Andersen, Silje Tombre (vokal), Sigurd Haakaas, Simon Økland og Otto Hansen.

Blood Command harein deileg mix av punk, rock, hardcore og pop.

I 2011 vart dei nominert til Spellemannsprisen for beste rock, med albumet 'Ghostclocks'. Hausten 2012 gav dei ut det fantastiske albumet: 'Funeral Beach'. Norske og ikkje minst utanlandske mediar skryt albumet opp i skyene.

Sjå berre her:

- Metal Hammer: 'One of the very best albums of the year'
 - Rock Sound : 'This is art: beautiful, bloody, schizoprenic art'
 - Lydverket/P3: 'Med et så godt utgangspunkt, er det bare å glede seg til Blood Command kommer til en scene nær deg'
- Den tøffe låta: 'High five for life', har vore a-lista på P3 i over to månadar.